

An aerial photograph of a fjord in Norway. In the foreground, a boat is pulling a series of circular fish pens. The middle ground shows a town built on a hillside overlooking the water, with several small islands in the fjord. The background consists of forested mountains under a blue sky with light clouds.

Bjørnafjorden  
kommune

**RETNINGSLINJER FOR  
LOKASJONSBASERT  
VARSLING**

Kvifor?

Korleis?

# BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

- grensar til Bergen, Samnanger, Kvam, Kvinnherad og Tysnes
- Vestland i miniatyr
- areal 519 km<sup>2</sup>
- folketal 25.596 (85 % Os, 15 % Fusa)
- folketettleik 52 pr. km<sup>2</sup> (162 Os, 10 Fusa)
- pluss 1600 hytter
- 355 km kystlinje, E 39 og 3 ferjesamband
- pendlarkommune – arbeid og vgs. (4 skular)
- del av to politidistrikt
- 1 tyfonanlegg
- Varsling 24



# FORANKRA I PLANAR OG ROS

- BjørnafjordenROS
- Overordna beredskapsplan
- Samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden 2023-2035
- «Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i»
  
- Eigenberedskap

**«Vi har gode  
varslingsystem  
og  
varslingsrutinar»**

# FORANKRA I BJØRNAFJORDEN BEREDSKAPSRÅD



# BRUKARAR – AVTALE – KRITERIUM

## Kven kan bruka lokasjonsbasert varsling?

- Kommunal kriseleiing (KKL)
- Brann/redning (vakthavande overbefalsvakt inkl. brannsjef, utrykkingsleiarar)
- Samferdsel og VA (leiar, nestleiar, teknisk vakt)

### AVTALE

Eg har lese gjennom retningslinjene for bruk av ordninga lokasjonsbasert varsling i varslingssystemet Varsling 24. Eg forpliktar meg til å bruka dette systemet i samsvar med retningslinjene.

\_\_\_\_\_

(dato)

\_\_\_\_\_

(signatur)

## RETNINGSLINJER FOR BRUK AV LOKASJONSBASERT VARSLING I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

I beredskapssituasjonar kan modulen «lokasjonsbasert varsling» i varslingssystemet Varsling 24 brukast til å senda ut SMS-varsel og ev. talemelding til alle mobiltelefonar som befinn seg innanfor eit definert område.

I Bjørnafjorden kommune kan vi senda slikt varsel til heile eller delar av kommunen. Vi kan ikkje varsla utanfor våre kommunegrenser.

Lokasjonsbasert varsling skal berre brukast ved beredskapshendingar der vi kan argumentera med omsyn til/akutt fare for liv og helse.

### 1. Kriteriet for å bruka lokasjonsbasert varsling i Varsling24:

**Lokasjonsbasert varsling skal berre brukast ved ei akutt og alvorleg hending som truar liv og helse.**

A. Dette vil i hovudsak vera hendingar der det er viktig av omsyn til liv og helse, at alle som oppheld seg innanfor eit gitt område, eller kjem inn i dette området, blir varsla om fare.

Aktuelle hendingar henta frå BjørnafjordenROS 2020 kan vera:

- *naturhendingar* som flaum, ras/skred – som gjer at område er stengde av, og at det kan vera farleg å bevega seg inn dit
- *svikt i kritisk infrastruktur*, som t.d. brukollaps, dambrot
- *brann* med følgjer som gassutslepp, eksplosjonsfare, giftig røyk
- *akutt forureining*, som t.d. kjemikalieutslepp
- *atomulukke lokalt* – der eit mindre område (enn heile landet) er ramma
- *fare for sjukdom/smitte*: smitterestriksjonar t.d. ved pandemi; varsel om kokepåbod for vatn ved påvist vassboren smitte (forureina drikkevassprøve)
- *miljøretta helsevern* – hastevedtakssaker som gjeld alle innanfor eit visst geografisk område
- *terrorangrep/sabotasje* – dette har politiet ansvar for, t.d. ved PLIVO-hendingar: Varsling til dei som bur og oppheld seg i området rundt om at det pågår ei hending, og at dei ikkje må nærma seg

B. Det kan òg brukast ved *søk og redning*, t.d. i fjellet, for å finna sakna person(ar) – i situasjonar der det er viktig av omsyn til liv og helse for ev. sakna person(ar) å nå vedkomande og/eller andre personar som oppheld seg innanfor same område, som kan ha sett/kan hjelpa til med å søka etter sakna.

### 2. Lokasjonsbasert varsling skal ikkje brukast:

- til informasjon om ikkje-akutte hendingar som t.d. vegarbeid eller straumbrot. Då må vi velja andre typar varsling, t.d. adressebasert.
- som analyseverktøy – det er ikkje lov (jf. GDPR)

### 3. Kva skal varselet innehalda?

**Varselet skal innehalda kortfatta, viktig informasjon om kva som skjer og kva mottakaren bør gjera.**

A. AKUTT NØDMELDING: Det må lagast førehandsdefinerte meldingar på norsk og engelsk for skarpe situasjonar – dvs. situasjonar der befolkninga må varslast så raskt som mogleg for

# AVGRENSING

## Lokasjonsbasert varsling skal *ikkje* brukast

- til informasjon om ikkje-akutte hendingar som t.d. vegarbeid eller straumbrot
  - Bruk då andre typar varsling, t.d. adressebasert
- som analyseverktøy (jf. GDPR)

## INFORMASJON

På kommunen si heimeside og via lokalmedia

- Om korleis ordninga verkar
- Om personvern:
  - ikkje tilgang til mobilnummer eller personopplysningar
  - kan senda varsel til mobiltelefonar innanfor eit gitt område, via basestasjonane, ved ei akutt og alvorleg hending som truar liv og helse



**BJORNA  
FJORDEN**



KOMMUNE